



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato: 24.02.2023  
Vår ref: 2023/2109  
  
Dykkar dato:   
Dykkar ref: 2023/665

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Alver 110/2 - Syslak - oppretting av ny grunneigedom - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 01.02.2023. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå dele- og byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8 og dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan. Søknaden gjeld frådeling av naustetomt med eksisterande naust.

Gnr. 110 bnr. 2 er registrert med eit areal på om lag 219 daa i matrikkelen. Eigdomen er bygd med våningshus, løe, garasje og reiskapshus i tillegg til naustet.

Tiltakshavarane har overtatt bruket som arv i 2022. Dei har søkt 2 gonger om frådeling/arealoverføring av same tomta i 2022. I sak 22/2421 vart søknaden trekt etter at det vart gjeve avslag på deling etter jordlova. I sak 22/7155 vart det gjeve avslag på søknad om dispensasjon etter plan og bygningslova.

### Stasforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispenseset ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

I vår uttale til førre dispensasjonssøknad skreiv vi:

*«Det må gjerast ein grundig vurdering om nausttomten er eller kan verte ein ressurs for bruket. Dette må gjerast i eit langtidsperspektiv. Ein frådeling av naustet inneber at naustet vert fritt omsetjeleg, og ein kan risikere at landbrukseigdomen i framtida ikkje vil ha tilgang på eit naust, eller til sjøen i det heile.»*

I kommunens avslag på søknad om frådeling av nausttomt og naust etter jordloven, datert 12.07.2022, står det: «Vi meiner det er tvillaust at tilgangen til eit naust framleis vil vere viktig for det totale ressursgrunnlaget for bruket.» Søkjær er ikkje samd i vurderinga, og viser mellom anna til at landbrukseigdomen framleis vil ha tilgang til sjø gjennom del i to felles opplagsplassar. Søkjær meiner også at naustet ikkje har vore viktig for ressursgrunnlaget for bruket. Stasforvaltaren vurdere at det er uheldig å dele ifrå einaste naust på gardsbruket. Det er uheldig at gardsbruket vil miste



denne ressursen. Ein frådeling kan også skape eit press for å oppføre eit nytt naust på gardsbruket. Eit eventuelt nytt naust vil auke nedbygginga av strandsona.

Stasforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Svein Kornerud  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN